

## Fire reisebrev frå studiereisa til dei britiske øyane, mars – juni 2005.

Prenta i Sund sokneblad, nr 3, 4, 5 og 6 2005.12.09

Av Sokneprest Harald Grønnevik, Klokkarvik.

### Reisebrev I frå studerande sokneprest.

Endå ein rolig overfart, me køyrer Toyotaen på land i Tynemouth utanfor Newcastle, passar på å velja venstre sida av vegen, og skal vera britar for dei neste 3 månadene.

Sidan det alt er tidleg kveld 29. mars, stoppar me i Hexham og finn rom med frukost der. Det fyrste du ser av byen er den svarte fabrikkrøyken, men her ligg og klosterkyrkja frå det gamle Hexham Abbey. Wilfrid, ein av hovedpersonane på det viktige kyrkjemøtet i Whitby i 664, reiste den fyrste kyrkja her i året 674. Krypten under kyrkjerommet er framleis slik han bygde den, og me var heldige og fekk koma ned i eit av Englands eldste bevarte, sakrale rom. Sidan Wilfrid tok steinen til kyrkjebygget frå den gamle romerske borga i Corbridge like ved, går spora i dette rommet endå lenger tilbake. Her er inskripsjonar og ornamenter frå dei fyrste hundreåra etter Kristus.

Men Hexham klosterkyrkje er ikkje museum. Oppe i den store kyrkja kjem me over ein barnekrok med små stolar kring eit rundt bord, Der er lyddempande teppe på golvet, og leiker, teiknesaker og barnebøker. Over på veggene er ein stor plakat: *Hexham Abbey welcomes children. Hexham klosterkyrkje ynskjer born velkomne*. Kan dei ha høyrte om vår tanke med Kausland kyrkje? Truleg er det heller slik at dei og har kome på den same glupe ideen, og gjennomført han. – Og like bortom står ein stor kross, pynta med blomar, takkebrev og gåver frå born i kyrkjelyden. Det er alltid godt å sjå at kyrkja lever, vågar noko nytt og veit å levera skatten vidare. Det må me dra lærdom av. Kanskje ei familiegudsteneste på Langfredag ikkje er så vanskeleg.

Også seinare har me sett korleis både dei protestantiske og katolske kyrkjene her borte slepp borna til. Teikningar og andre arbeid av born pregar ærverdige, historiske kyrkjer både i England og Irland. Dette er noko av det mest oppmuntrande me har sett av kyrkjelivet her denne gongen. Her er det og barneår i kyrkja.

Så legg me oss på vegen vidare, over fjellkjeda Penninene, mot Keswick i Cumbria. På svingete britiske vegar ser me interessante vegskilt me aldri har observert heime i Norge, og som viser ein sterk britisk vilje til å ta omsyn til utsette trafikantar. Fyrst skiltet med to framoverbøyde personar med stokk. og undertekst: *Elderly people/Eldre folk*. Seinare, meir inne i skogen, skiltet med ekorn og *Red squirrels*. Britane gjer mykje for å ta vare på bestanden av raude ekorn som er truga både av de større grå, importerte frå Amerika og av oss trafikantar. Nokre stader med sterk trafikk har dei til og med laga særlege ekornovergangar, tau spende mellom trea høgt over vegen, to parallelle tau endåtil, slik at kryssande ekorn ikkje skal kollidera høgt der oppe og ramla ned framfor oss. Det er sant!!

Dyre- og fuglelivet vrimlar langs vegane på landsbygda. Fasaner og kaniner er i fleirtal. Moldvarpen ser me berre jordhaugane etter bortover bakkane. Og rhododendronen blømer i slutten av mars. At den for oss meir framande busken ”gorse” viser sine gule blomar alle stader, er mindre overraskande, for som det heiter i ordtaket her: ”Når *The gorse* ikkje blømer, er kyssing gått av moten.” Den blømer heile tida.

Me er framme hos nonnene i Keswick. Her skal me bu fire veker i studieleiligheten deira, innreidd over den gamle stallen i prestegarden til St John’s Church. Me bur 3 minuttars gange frå ein vakker småby som vrimlar av turistar, men fredelig inne i ein stor, gammal hage. Utfor skrivebordsglasert mitt held eit stort japansk kirsebærtre på å springa ut i blom. Nostalgisk blar

eg i gjesteboka. Eg var den første som skreiv i henne i oktober 1997, då leiligheten var ny. Det er godt å vera tilbake.

Dagane vekslar mellom lesing, skriving og vandring. Me er midt i Englands vandringsparadis, nasjonalparken *Lake District*. Rundt oss ligg vakker natur med fjell, åsar og sjøar, me treng ikkje setja oss i bilen, berre ta fjellstøvlane på og gå. Det er lenge sidan me har vore i så god form. Me ser denne gongen tydelege spor av det voldsomme uveret som herja her 8. januar. Orkanen felde berre her i distriktet tusenvis av kjempeeiker som har stått i nokre hundre år, og kollosal nedbør fekk elvane til å fløyma innover gatene og inn i husa. Innsjøane Derwentwater og Bassentwaite Lake som ligg nokre kilometer frå kvarandre, gjekk for fyrste gong ein kan minnast saman til ein sjø, fortel vår gamle vandringsven Ray Trickey, og viser utrulege bilete.

Det er søndag. Etter gudstenesta køyrer me innover Borrowdale Valley, store flate jordbruksvidder mellom Englands høgaste fjell, det høgaste er Scafell Pike på 978 meter. Med grafitt (wad) frå gruvene i dalen laga dei her verdens første blyant på 1500talet, og dei kjende Derwentblyantane blir framleis produserte i Keswick. Vidare på den halsbrekkande, ville vegen gjennom Honister Pass, der stigninga er opptil 25 %. (Snakk ikkje til meg om farlege vegar i Norge). Ute ved kysten ligg Whitehaven, gammal gruve-, havne- og fiskarby, og inntil Liverpool vaks seg stor på 1700talet den 3. største havnebyen i England, etter London og Bristol. Ved St. Nicholaskyrkja stoppar me ved eit minnesmerke over 80 born som i perioden frå 1819 til 1900 omkom i kolgruvene. Dei var mellom 8 og 14 år gamle. Nokre ting i verda går trass alt framover!

I dag er dei gamle levevegane vekke, og folket her set si lit til kjernekraftverket Sellafield, ei mils veg sør for byen. Ein skal vera forsiktig med å stilla kritiske spørsmål omkring det her. Arbeid er vanskeleg å få, og Sellafield byr på meir enn 10.000 arbeidsplasser.

David og Lynne traff me ikkje. Dei hadde flytta nokre mil nordover der David har ansvaret for eit kyrkjesokn. Eg tok del under presteordinasjonen hans i Carlislekatedralen i 1997, og sidan har han gjort ubetalt presteteneste i den engelske kyrkja. Levevegen hans har som før vore revisorarbeidet. Dette er blitt ei stadig meir vanleg løysing her, i ei kyrkje med sviktande økonomi. Det uløna presteskapet i England imponerar meg, og eg undrast om noko slikt vil vera mulig i vår norske kyrkje.

Eg kan ikkje trøytt lesarane med alt me opplever. Mange dagar har me og vore velsigna med kaldt og vått ver, godt lesever som held studenten ved skrivebordet, der han les om keltisk kristendon og spiritualitet, som er grunnen til at han er her i det keltiske landskapet vest på dei britiske øyane. Her levde dei keltiske kristne i den gamle kyrkja på dei britiske øyane. Me besøkjer deira stader. Ein dag rodde me ut til øya i Derwentwater der munken Herbert budde på 600talet, og me har vandra til St. Bega's Church ved Bassentwaite Lake der Bega levde på same tid. Ein dag køyrde me like ut til Whithorn på sørvestspissen av Skottland, der St. Ninian grunnla kloster rundt 400. Her finne dei fyrste spor av kristendom i Skottland.

Det er godt å vera i ro på ein stad, men snart skal me ut på reis igjen. Det skal eg fortelja meir om i neste brev.

Keswick, april 2005..  
Helsing Harald G.

**Sokneprestens 2. brev frå studiereisa.**

Fyrste mai er me på vegen att, etter ein rolig april i den gamle prestegarden i Keswick. Dette skreiv eg om i førre nummeret av kyrkjebladet, som somme vil minnst. Me set kursen austover mot Yorkshire og Nordsjøkysten. Det er ein edel kunst å gleda seg over små ting, og no gleder me oss over at me igjen tek inn NRK på bilradioen. Ein halvtime sto eg parkert i vegkanten inn mot ein hagtornhekk og fylgde siste delen av ein kamp på Brann Stadion som, i motsetnad til no i haust, enda vel. – Langs vegane ser me og tydeleg at dagen for parlamentsvalet nærmar seg, og i Yorkshire synes revejakta vera hovudsaka. *Fight the ban. Keep hunting / Bry doke ikkje om forbodet. Hald fram å jakta*, var slagordet som sto tett som hagl i grøftkantene. Revejakta er heilt tydeleg ein strid mellom landsbygda og det urbane England, meir enn ein konflikt mellom aristokratiet i raude jakker og vanlege folk. Men tru no ikkje at me berre køyrde rundt på lysttur. Eg har studiepermisjon og med base i det nordvestlege Yorkshire gjesta me sentrale keltiske stader som Durham, Whitby og Lastingham. Det obligatoriske besøket i Goathland, betre kjend som Aidensfield, kan derimot knapt godkjennast som studiedag, sjølv om Aidan, som landsbyen i filmen er oppkalla etter, var den kjende keltiske munken som kom frå klosteya Iona på vestkysten av Skottland og grunnla klosteret på Lindisfarne i året 535. Det tordna heftig medan me var der, men ingenting kriminelt skjedde.

Av og til byr livet på utrulege, og kjekke samantreff. Me har funne *Bed & Breakfast / Seng og Frukost* i den vesle landsbyen Nawton og oppdagar ved eit tilfelle at to minuttar nede i vegen bur soknepresten i St. Gregory's Minster som eg heldt gudsteneste saman med i Utstein Kloster for ti år sidan. Han var der med koret sitt, og eg minnst han sa me måtte besøka dei om me var på dei kanter. Det gjorde me. Av og til finn ein nåla i høystakken!

Nokre dagar budde me og hos kollega Dave Lewis i prestegarden i Great Smeaton sør for Middlesbrough. Dave var engelsk kappelan i Stavanger / Bergen og var med kyrkjelyden sin til Sund kyrkje der me heldt felles gudsteneste for to år sidan. Han ba oss helsa. Elles fortalde han med vanleg underfundig humor den fantastiske forteljinga om katten Smokey si problematiske og sterkt byråkratiprega overflytting frå Norge til eit nytt liv i Yorkshire.

Vestover att, til vår gamle gate i Liverpool. Kyrkja i 22 Southwood Road er nedlagd, eller rettare flytta ned til svenskane i sentrum, men vår ven Jan frå Skåne, som dei siste 25 åra har spela kontrabass i Liverpool Philharmonic Orchestra, bur framleis i nummer 8 og har rikeleg plass. Her i Liverpool feira me 17. mai. Den gamle krigsseglarkolonien som i vår tid på 80talet var stor og talrik, er no mest borte. Berre Otto, Olav, Hilary og nokre få andre spreke åttiåringar til held stand, og likevel feirar fleire hundre nordmenn framleis nasjonaldagen i byen ved elva Mersey. Dette året fekk gamlepresten leggja ned krans ved minnesmerket over falne norske sjøfolk på Pier Head, og halda tale for dagen på den skandinaviske kyrkja etterpå. Mykje av oss ligg enno att i Liverpool, merkjer me. Og det er ikkje den verste staden å ha eindel av sine røter. Det er ein vakker og særprega by på begge sider av den vide Merseymunninga, som meir er som ein fjord å rekna. Du kan ta ferje over, eller køyra under. I 2008 er byen europeisk kulturhovedstad, saman med Stavanger. Det blir vel endå eit påskot til å fara over.

Dei to prosesjonskrossane me sist vinter fekk i Sund og Kausland kyrkjer, er laga i Liverpool. Ein dag nytta me høvet, køyrde til Hanson Street like ved Goodison Park, Everton sitt stadion og fekk full omvising i fabrikkjen. Me snakka med arbeidarane som hadde laga krossane våre og forsikra dei om at krossane no sto i vakre kyrkjer. Dessuta fekk soknepresten fornya rundsnippskjortegarderoben sin. Det var på høg tid!

Og så Irland, den fantastiske grøne øya vest i havet, hovedstaden for dei som leitar etter dei keltiske røtene. Og vakker. Det må eg fortelja litt om i neste nummer.

### 3. reisebrevet frå soknepresten.

Me held fram der me slapp. Kyrkjelyden må då ha eit krav på å veta kva presten driv med der vest. No er det midt i mai.

Frå ferieveka i Liverpool køyrde me vestover på A55 langs den vakre nordkysten av Wales til katamaranferja i Holyhead. Den tok oss over til den irske byen Dun Laoghaire som slett ikkje blir uttala slik det skrivest. Det skulle teke seg ut. - Frå fyrste irske basen vår i Greystones sør for Dublin utforska me hovedstaden ved elva Liffey. Studiemålet her var sjølvsgatt Trinity College og dei keltiske handskriftene der, særleg *Book of Kells*, dette kunstverket av eit bibelmanuskript som truleg er laga av munkane på den aude vestskotske øya Iona rundt 7-800 og på underfullt vis berga frå våre plyndrande forfedre, vikingane.

Over desse 12-1300 år gamle bøkene, i blendande god stand, gjer ein seg sine tankar omkring vår fantastiske datatidsalder der det seiest ein har problem med å lagra verdfullt arkivstoff på CD lenger enn 20-30 år. I Trinity College finn me og eit interessant bilete av ein krossforma irsk gjenstand, funnen i ei vikinggrav i Norge frå 800talet. Originalen skal vera på museet i Bergen. Den må eg avstad og sjå, kjem eg på no.

I det svært romersk-katolske Dublin er underleg nok begge katedralane protestantiske. Det fortel vel litt om gammal engelsk urett og økonomisk makt i Irland. Me kjem i god drøs med guiden i Christ Church Cathedral, som er katolikk. Tilhøvet mellom katolikkar og protestantar kan ikkje vera så verst. Han fortel om historia, men og morosamt om korleis ein i dag klarar det økonomiske i desse kostbare kyrkjehusa. Christ Church er tufta på støtte frå whiskeyprodusenten Jameson, medan St. Patrick-katedralen lenger nede i gata nyt godt av sponsormidler frå Guinnessbryggeriet. ” I kveld skal forresten Guinnesskoret ha konsert her hos oss”, fortel han fornøgd. Diverre er me då på toget til Greystones. Der kjem eg til at det hos oss i Sundkyrkja trass alt neppe er nokon god ide å overta Hansa etter Brann.

Neste dag vender me oss frå storbyen til fjelldalane i Wiclow, litt sør for Dublin. Her grunnla den keltiske munken St. Kevin Glendalough-klosteret seint på 500talet. Rett nok søkte han helst dit for å leva aleine som eremitt, men som det ofte hende rundt desse særeigne irske munkane, samla folket seg der dei var. Mange irske kloster, stifta av munkar som i utgangspunktet søkte einsemda, blei etterkvart store lokalsamfunn, og sentra for lærdom, kunst, teologi og helsestell, ja til og med bankverksemd, sidan dette var trygge stader i ei krigersk tid. Ei pilegrimsferd til Glendalough er reisa verd, av mange grunnar!

Me må vidare til den irske vestkysten. På veg dit stoppar me på det eldgamle kongesetet Tara og i St. Ciarans kloster Clonmacnoise frå 548, ved elva Shannons breidd. Ciaran var Kevins *anamchara*, som er ein medvandrar, skriftefar og sjeleven, ein institusjon som er i ferd med å bli gjenoppdaga i dagens kyrkjeliv, kanskje fordi det er ei mindre autoritær og skremmande ordning enn den tradisjonelle skriftestolen. Strevsamt likevel, dei må ha traska mykje over fjell, heiar og dalar for å treffa kvarandre, Kevin og Ciaran.

I Ciarans kloster finn ein nokre av dei særeigne høge krossane. På ein er fleire av dei egyptiske ørkenfedrene avbilda. For 1500 år sidan og tidlegare var der direkte samband mellom klostera i Midt-Austen og den grønne øya vest i Atlanterhavet, og det kom til å prega den keltiske kristendommen. - Det bles friskt då me besøkte Clonmacnoise. Svanene som letta frå Shannon, hadde vanskar med å avansera.

Galway på vestkysten er ein sjarmerande og fin by med musikk og folkeliv i gatene og god sjømat på Mac Donagh's i Quay Street. Den katolske katedralen imponerte oss på mange vis, ikkje minst ved det yrande gudstenestelivet på ein vanleg mandagskveld. I eit sidekapell var det høglydt gudsteneste og i tillegg kom og gjekk folk som var innom til ei stille stund i Herrens hus. Me må vedgå at dei katolske katedralane synes vera mindre prega av kommersiell turisme og meir av åndeleg liv enn dei protestantiske. Men eit solid protestantisk

innslag oppdaga me i Galwaykatedralen. Lindås Songlag from Norway skulle syngja der komande torsdag.

Neste dag kørde me rundt i Connemara, landskapet nordvest for Galway, eit karrig og audt landskap med vide myrar, der dei framleis skjær torv i stor målestokk. Nett no låg mengder av stoffet stabla til turk på kanten av dei djupe skjæringane. Frå Connemara ser me ut til Aran Islands der dei strikkar desse flotte ullgensarane, men stiv kuling hindra oss i å koma dit.

Og så sørover langs vestkysten. Er det ikkje underleg korleis vestkysten alle stader er den vakraste, ofte karrig med meir stein enn jord, men kunstverk frå Skaparens hand. Klippene ved Moher er av dei sterkaste naturinstrykka sansane mine har teke imot, kanskje fordi me var der i kuling og drivande regn. Sol og blå himmel er ikkje alt her i verda. I havet vestanfor skulle dei gamle keltarane si paradisyø Tirna n'Og finnast, den fullkomne staden der dei døde var.

Irland har mykje erfaring med døden. Og då tenkjer eg ikkje fyrst og fremst på alle militære og politiske overgrep naboen England har gjort mot den grøne øya gjennom mange hundre år. - I fyrste delen av 1800talet vaks folketalet sterkt. Innføringa av poteta skapte eit nytt livsgrunnlag og i 1840åra budde der i området som no er Irland om lag 6 millionar menneske. I 1848, 1849 og 1851 ramma katastrofen. Potetavlinga slo totalt feil, turråte vil eg tru. Ein million irar svalt i hel og ein million reiste til Amerika. Det er difor 40 millionar amerikanarar gjer krav på irsk opphav. I siste delen av 1800talet blei folketalet halvert til tre millionar, og slik har det halde seg til dei siste åra. Den Store Svoltten slo hardest til på den karrige vestkysten. Og her ser ein alle stader mellom knausane dei små husa som framleis står der utan tak og med gras på jordgolvet. Eg vil knapt gløyma desse tallause, små ruinene.

Dagen er 25. mai, eg må vedgå at fremste målet var å finna ein god stad der eg kunne sjå Europacupfinalen mellom Liverpool og Milan i Istanbul. Me nådde fram til det vesle hotellet i tide og opplevde hundreårets fotballdrama, minst like levande som på arenaen i Tyrkia. Spørsmålet om kor ein var då Brå brekte staven, er puslete. Me var i Hickey's Bar i Kilkee då Liverpool knuste Milan etter ekstraomgangar og straffespark. *You'll never walk alone* lydde inn i dei små timane.

Vidare sørover vestkysten. Liksom hos oss er den oppdelt av djupe vågar eller fjordar. Og i det milde klimaet veks både rhododendron, fucsia, palmer og mykje meir rikeleg og frodig. Om du ikkje har tid til alt, vil me rå deg til å velja halvøyane Dingle og Beara. Du må sant nok rekna med smale og krokete vegar. "Då eg såg det grøne midt i vegen, forstod eg at me var på villspor", siterar dei etter ein vitjande amerikanar der borte. Men det er slett ikkje sikkert. Om du vil sjå eindel spennande stader i Irland, må du tåla nokre mil med grønt midt i vegen.

Også der borte er kystfolket friske i munnbruken og rivaliseringa mellom fylka står ikkje tilbake for tonen hos oss, tvert imot. I Cork seier dei om folk i Kerry: "Du kan ikkje stola på ein Kerrymann før han har vore død i tretti år."

Og så må eg fortelja deg om den store opplevinga. Eg hadde ikkje trudd me skulle koma dit, sjølv om det sto heilt øvst på ynskjelista. Me hadde frå kysten sett dei to klippeøyane, The Skelligs, gjennom disen, langt vest i Atlanterhavethavet. Det er ikkje lett å koma dit, berre på stille, fine dagar går nokre småbåtar ut, og ein strålende dag sist i mai fekk me plass i Des Lavelle sin båt frå Portmagee.

Me passerte Little Skellig som er eit fuglefjell der 30000 par havsuler hekkar. Det er uråd å gå i land, og den intense lukta og lyden gjer det ikkje særleg freistande heller. Skellig Michael er annleis, ei bratt, høg klippeøy, men grøn og vakker. Her hekkar måse, alkefuglar og 3000 par

lundefugl. Det som drog oss dit, var likevel klosteret. I stupbratt terreng bygde keltiske munkar for om lag 1400 år sidan murane og dei runde steinhyttene og bedehusa, endåtil hage på toppen av øya ei mil ute i ville havet. Veggen 200 meter opp er for det meste trapper. Og her går me rundt i eit urørt keltisk kloster. Alle andre stader har seinare tider lagt seg oppå. På Iona, Lindisfarne og i Whitby tronar imponerande klosterruiner frå 1200talet og ein får høyra at det eldre, keltiske klosteret truleg låg ein stad i området. Ingenting er att. - Her er alt! Og eg vandrar rundt i tunet, bøyer meg ned og går inn i hyttene deira, sit på trappa og les. Eg kunne sete der heile dagen. Her er ein på heilag grunn, vigsla gjennom bøn og arbeid lenge før me her i Norge visste kva det dreidde seg om. Eit skår i gleda er der sjølv sagt også her. Etterkvart fann våre forfedre også denne staden og nytta høvet til å plyndra og drepa.

***Billettekst:***

***Eit av mine største øyeblikk. Timane på Skellig Michael var fortetta, og dessutan uventa oppleving. Ein står og undrast kva som dreiv desse keltiske munkane til å byggja eit slikt anlegg 10 km til havs på ei klippeøy der dei fyrst måtte lage tomte for å få flate nok, på toppen av ei bratt klippeøy der omlag alle vegar er trapper. Landet langt inne er Co.Kerry.***

Siste post på programmet i Irland er besøket hos Jack og Julia og borna deira, Ann og Patrick. Dei bur heilt på sørvestspissen av den grønne øya. For 20 år sidan vigde eg amerikanske Jack og engelske Julia i Utstein Kloster og døypte seinare begge ungane der. Etter 17 år er det flott å treffast igjen og merka at gammalt venskap rustar ikkje, sjølv om ein er langt frå kvarandre og ikkje kan treffast.

Og så er me tilbake i Wales og England. Det er juni. Siste brevet skal handla om det. Og det skal ikkje bli så langt!

HG.

#### **4. og siste reisebrevet frå soknepresten.**

Dei fortel om ein møteleiar som opna med å seia: ”Eg skal ikkje trøytt dykk med ein lang tale no. Det skal soknepresten gjera seinare.” Etter tre lesarbrev kjenner eg at den grensa nærmar seg. Men litt meir må eg fortelja. Som alle de andre har eg somla vekk siste soknebladet, men så vidt eg minnes, fortalde eg at me steig i land i Wales etter to vekers eventyr i Irland.

Wales er vårt gamle friluftsområde frå Liverpooltida, me kunne sjå dei grønne åsane der frå kjøkenglaset. Men pilgrimsruta langs Llynhalvøya i nordvest hadde me aldri oppdaga. Her heldt den keltiske munken St. Beuno til tidleg på 600talet, og herfrå kristna han og disiplane hans store deler av Nord-Wales. Me fylgde vegen frå Beuno sitt kloster i Clynnog Fawr til pilgrimskyrkja på spissen av halvøya, St. Hywyn’s Church i Aberdaron. Soknepresten her frå 1967 til 78 var den kjende lyrikaren RSThomas som var aktuell for Nobelprisen i litteratur. Bar han og i seg den gamle keltiske trongen til å søkja dei ytste grensene? I alle høve er me her så avgjort i grigrendte strok. Godt at slikt finnes i eit land på same storleik som vårt, men med meir enn 60 millionar menneske! Tre kilometer ut i Irskesjøen ligg helgenøya med det nordiske namnet Bardsey, øya med dei 20.000 helgenane, som ho er kalla. Den fekk me berre sjå gjennom disen.

På veg heim til Liverpool var me innom Edgar frå Sandefjord og kona Christine i Llandudno. Edgar har i 29 år laga hagar i Nord-Wales. Der er nordmenn alle stader! Christine er i høg grad eit alternativt menneske som teiknar, malar, diktar og rir på tre hestar. Den eine hadde ho

eigentleg seld, men kjøpte han tilbake då ho var uviss om han hadde det bra. Særleg rysta er ho over folk på kontinentet som et slike dyr til middag. Eg torde ikkje vedgå at eg har prøvd det sjølv, og nytte måltidet.

La meg fara fort forbi endå eit besøk i Liverpool og dei 11 dagane på loftet til sjømannskyrkja i London. Kjekk by, men der har jo alle vore og kan fortelja frå. Kjapt vil eg likevel tilrå eit besøk i Det britiske biblioteket som har fått ny bygning like ved King's Cross Station. Salen med gamle handskrifter og dei eldste trykte bøkene er ei openberring eg unner fleire å skoda inn i. Me gjekk særleg dit for å sjå Lindisfarneevangeliene frå om lag 800. Sjølv sagt var me glade over å koma oss vekk frå byen tre veker før bombene small, mellom anna nett der i stroket.

Bussen frå London tok oss til Bristol der Michael og Ingfrid frå Rennesøy bur. Me fekk under besøket hos dei sjå Bath med historieminner tilbake til romartida, men særleg fekk eg koma til eit lenge planlagd mål.

Glastonbury er avgjort ein av dei tidlege kristne stadene i England, men særleg er store mengder av legendestoff knytta til staden. Det seiast at Josef av Aritmatea kom hit som handelsmann og hadde den unge Jesus med seg. Dei bygde den fyrste kyrkja på staden. Seinare kom Josef attende hit med den heilage gralen, begeret frå den fyrste nattverden som Josef og samla noko av blodet frå Jesu langfredagssår i. Legender med uvisst sanningsinnhald, men ein veit at der på denne tid var travel samferdsel og handel mellom indre middelhavsområdet og denne delen av dei britiske øyane, noko som er med og forklarar dei nære banda mellom klosterrørsla i Midt- Austen og den keltiske kristendommen.

Eit nydeleg og velklingande resultat av dei britiske Kristuslegendene er i alle høve William Blakes Jerusalemshymne som alle britar kan, som står i salmeboka deira og som me kan høyra i den årlege TVoverføringa frå *Last night of the Proms*. Her spør dei om hans føter i gammal tid vandra over Englands grønne fjell og om Guds heilage Lam blei sedd på Englands blide beitemarker.

*And did those feet in ancient time  
walk upon England's mountains green?  
And was the Holy Lamb of God  
on England's pleasant pastures seen?*

Middelalderlegendene om Arthur og riddarane av det runde bordet er og knytte til staden her. Kva som ligg attom alt legendestoffet får ein aldri vita. Men når eg står på toppen av den runde, grønne åsen *Glastonbury Tor* og ser utover "Englands grønne, blide land", er eg fanga i oppleving og undring som få andre stader kan by på.

På turen tilbake til Bristol er me innom Cheddar, der osten kjem frå. Eg trudde ein slik osteby måtte liggja i eit flatt, rikt jordbruksområde som det er nok av her. Kor feil ein ofte tek. Istaden førde eit langt, trongt og krokete djup oss ned i ein djup dal med klipper på alle kanter. I sanning ein særprega plass. Og osten er god. Prøv den, helst den ekstra vellagra.

Englandstida vår går mot slutten og me set kursen nordover, innom Liverpool der me finn att bilen og eg får leia gudstenesta i sjømannskyrkja, før me set kursen mot siste stopp denne gongen, klosterøya Lindisfarne på Nordsjøkysten nord for Newcastle. Skal du ut dit, må du treffa lågvatnet, vegen over sanden ut til øya ligg elles under vatn. Ein gong for mange år sidan måtte me snu inne på fastlandet.

Her nytte me sju dagar i retreatuset *Open Gate* som tilhøyrer den anglikansk/keltiske, men sterkt ekumeniske institusjonen *The Aidan and Hilda Community*. Livet på Lindisfarne er todelt mellom høgvatntida når øya er isolert og stille, og lågvatnet når turistbussane dundrar

over sanden. For Lindisfarne er og attraksjon i stjerneklassen. Om du reiser dit, og det bør du, vil eg rå deg til å stoppa over eit høgvatn og også oppleva freden i den vakre landsbyen, på strendene og mellom sanddynene som pregar store deler av øya. Overraskande mange nordmenn var der, kanskje er der og eit element av botsgang i det. Lindisfarne var det første klosteret me veit vikingane plyndra, i 793 og sidan gong på gong. Til sist forlet alle øya og ho låg aud i 200 år. Leitar du på kartet, må du sjå etter *Holy Island*.

Den 21. juni i år sto me i lag med folk frå fleire nasjonar nede på stranda i solnedgangen og heldt midtsommargudsteneste. Og på oppfordring song ei lita gruppe nordmenn ” Herre Gud, ditt dyre Navn og Ære”, utan musikk, men til akkompagnement av den store selkolonien sine klagande, glassharmonikaliknande tonar. Innover på fastlandet ser me åsane og fjella der Cuthbert var gjetargut, før han gjekk i kloster og til sist blei den store abbeden og biskopen av Lindisfarne.

Me traff ikkje han. Som de vil minnst frå eit tidlegare brev, hende dette før vikingane, og Cuthbert si grav er å finna i austenden av Durhamkatedralen. Derimot fekk me mange og gode møte med Ray Simpson som er ein av dei store inspiratorane i den keltiske oppvakninga i vår tid. Han bur i det vesle huset attmed posten, men ein skal ikkje la seg lura av det. Han er ei stor åndeleg kraft i vår tid.

Det er ikkje utan vemot me set kursen heimover. Det blir nok ei stund til me får eit så langt og godt møte med vårt andre heimland. Me legg vegen gjennom grensetraktene mellom England og Skottland og stoppar på den historiske slagmarka *Flodden*. Dei siste dagane i juni 2005 er heile området bylgjande, gule kornåkrar og det er vanskeleg å tenkja seg at på desse markene fall 14.000 skottar og engelskmenn på ein dag i året 1513. – Me stoppar og på eit høgdedrag med utsyn over elva Tweed. Nett her lika også forfattaren Walther Scott å ta ein rast, og staden er kalla *Scott's View* etter han. Sjå etter plassen om du køyrer i området og treng ein pause. Diktaren er gravlagd i ruinene av Dryburgh Abbey like ved.

Så står berre siste handlerunden att, ikkje fordi det er så billig, for det er det ikkje. Ikkje eingong matprisane me klagar slik over, er særleg låge, sjølv om gjennomsnittsbritten tener mindre enn oss. Men med nokre engelske handleposar kan ein ta litt av landet med seg heim og nyta ein god ettersmak av dette utrulege eventyret me fekk oppleva våren og forsommaren i det Herrens år 2005.

HG.